



MØRE OG ROMSDAL
BONDELAG

EIGARSKIFTE

TEMADAG 10.30-17.00

Laurdag 4.des Hotell Ivar Aasen, Ørsta

Laurdag 11.des Tingvoll Fjordhotell, Tingvoll

Nærmast det seg eigarskifte på garden? Då er dette eit nyttig kurs å delta på. Tilsvarande samlingar siste åra har vore så populære at Møre og Romsdal Bondelag på nytt inviterer til samlingar med tema Eigarskifte i landbruket. Denne gongen køyrer vi kurset på to stader for å gi fleire kortare reiseveg.

Advokat Ole Houlder Rødstøl er saman med advokat Marit Moe Rasmussen og advokat Øystein Remme ansvarleg for det faglege innhaldet. Rødstøl er advokat ved advokatfirmaet Øverbø Gjørtz AS sitt kontor i Molde og samarbeidsadvokat for Norges Bondelag i Møre og Romsdal. Han arbeider mykje med generasjonsskifte, skatt, odelsrett og rettslege spørsmål knytt til fast eigedom.

Advokat **Marit Moe Rasmussen** ved advokatfirmaet Øverbø Gjørtz AS sitt kontor i Molde og advokat **Øystein Remme** ved advokatfirmaet Øverbø Gjørtz AS sitt kontor i Ålesund vil frå 1 januar 2022 ta over som samarbeidsadvokatar etter Ole Houlder Rødstøl.

Det blir fokus på:

- Familiære og økonomiske utfordringar ved eigarskifte
- Arve- og formuesreglar for sambuarar og ektemakar
- Skatte- og avgiftsmessige tilhøve. Organisering av verksemda.
- Odels- og konsesjonsreglar

Målgruppe er i utgangspunktet alle som har tilknytning til garden, både ny og gammal generasjon, som skal inn i eller er inne i ein eigarskifteprosess.

Deltakaravgift kr 600,- pr. pers. inkl. lunsj på hotellet. Faktura blir sendt ut i etterkant.

Påmelding – med kursstad! – seinast fredag 19. nov 2021 til:

Møre og Romsdal Bondelag, tlf 71 20 28 90, mob/sms 410 86 101

E-post: more.romsdal@bondelaget.no

Bondelagets Servicekontor AS

Postadresse: Fannestrandveien 63. 6415 Molde	Besøksadresse: Fannestrandveien 63. Molde	Telefon: 71 20 28 90	Mobil: 952 52 288	E-postadresse more.romsdal@bondelaget.no
Møre og Romsdal Bondelag Bondelagets Servicekontor AS	Org.nr.: 939678670	Bankkonto:	8101.05.12891	Internet: www.bondelaget.no/moreogromsdal